



Frode Bu har skifta til VestlandsHus

Kundene vil ikkje merka nokon stor skilnad med unnatak av eit anna typeutval, og ein større vilje til å teikna det som kundane ynskjer. Satsing på ein meir individuell stil er i tråd med kva vi for vår del har vore forkjemparar for heile tida.

Frode Bu som leiar Uskedalfirmaet Byggpartner Kvinnherad AS slår dette fast for uskedalen.no i samband med at han har

**skifta kjedetilknypning
frå årsskiftet. Han har gått frå Norgeshus til VestlandsHus.**

Dei to er omtrent like store, med tett innpå 50 firma.
Bu presiserar at firmaet hans framleis heiter Byggpartner Kvinnherad.

Han peikar også på at VestlandsHus yter litt meir tenester og litt meir styring under prosjekteringa. Elles er ikkje skilnaden stor med unntak av det som er trukke fram i innleiinga.


Trass i namnet er også VestlandsHus ein landsomfattande kjede med eit breitt utval av hus. Men i katalogane sine reklamerar dei sterkt for at det viktigaste for dei er kundane sine ynskjer og behov.

- Våre arkitektar teiknar dine tanker og drømmer og tilpassar bustaden slik du vil ha han. Men du kan også sjølv gjera endringar på ditt Vestlandshus, heiter det.

Ein kan sjølv teikne om huset ved hjelp av teikneverktøyet som ein finn under kvar hustype blir det opplyst i katalogane.

Frode Bu kan elles glede seg over god sysselsetjing for tida. han har ikkje berre mykje å gjera i Uskedalen, men har prosjekt på gang både på Årsnes og Valen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Slik presenterar VestlandsHus seg på nettet